

---

**Fra:** Leif Taule <leif.taule@gmail.com>  
**Sendt:** 11. april 2016 09:33  
**Til:** Postmottak Radøy  
**Kopi:** Bent Gunnar Næss; Arthur Kleiveland  
**Emne:** Høyringsuttale frå Radøy Sp til intensjonsavtalane

## NORDHORDLAND KOMMUNE - HØYRING INTENSJONSAVTALANE

Radøy Sp synest framlegga til intensjonsavtalar er eit godt grunnlag å byggja vidare på når ein no skal arbeida seg fram til reviderte avtalar. Radøy Sp har tatt utgangspunkt 3K-avtalen mellom Meland, Lindås og Radøy i sin høyringsuttale då det er lite truleg at 8K-avtalen vert realisert.

I ein revidert avtale er det viktig å verta meir konkret. Svært mange innbyggjarar er opptatt av kva tenester som vert att i nærområda, og dette må koma mykje klarare fram i ein revidert avtale. Dette vil også vera svært viktig for å byggja opp under lokalsentra Frekhaug og Manger (og Lindås) slik at ein lettare kan få til ei vidare utvikling av desse lokale sentra. Det er også viktig at ein i revidert avtale ser meir nøye på korleis ein kan ta vare på lokaldemokratiet og det lokale engasjement og slik prøva å motverka avstanden mellom folket og dei som styrer i ein ny kommune.

I den reviderte avtalen bør det leggjast større vekt på næringsutvikling.

I den nye kommunen må det vera stort fokus på frivillig arbeid. Samfunnet og det offentlege vil vera heilt avhengig av ein stor frivillig sektor i åra som kjem. Dette bør koma fram i den reviderte avtalen.

Her kjem merknader til dei ulike underpunkta:

### Visjon

Me gjer framlegg om at siste avsnittet får slik ordlyd:

*Målet er å få på plass ein sterkare kommune som byggjer opp under innbyggjarane sin identitet, tek vare på lokaldemokratiet og gjer den nye kommunen og regionen betre i stand til å ta imot fleire oppgåver.*

### Verdiar, mål og prinsipp

Me har ikkje merknader til dei kulepunkta som står i avtalen, men ynskjer i tillegg

- Me skal leggja stor vekt på næringsutvikling og arbeidsplassutvikling

### Kvifor ny kommune: fordelar og ulemper

Her kan nok skrivast mykje, og det er nok delte meiningar om kva den enkelte oppfattar som ulemper og fordelar. Som ulemper vil det nok også måtta trekkjast fram større utgifter for den enkelte innbyggjar dersom mange tenester vert sentralisert. Sentralisering vil nok også kunna føra til miljømessige ulemper. Fleire hevdar også at nærleikeeffekten og sosial tryggleik er undervurdert.

### Den nye kommunen - namn, organisering og styring

Det må her koma mykje klarare fram at den nye kommunen skal ha ein effektiv organisasjon/administrasjon under sterk folkevald styring.

Innbyggjarrettleiinga/sørviskontora i rådhusa på Manger og Frekhaug må ha stor breidde i si tenesteyting og også kunna hjelpa innbyggjarar som «fell utanfor» i den digitaliserte kvardagen t.d. i samband med nedlegging av bankfilialar.

Nest siste avsnitt bør skrivast om for å få fram eit klarare skilje mellom ulike typar sentra. Kanskje kan ei slik formulering vera brukbar: *Regionsenteret Knarvik vil vera kommunesenteret i den nye kommunen. Større lokalsenter vil bli lokalisert på Frekhaug, Lindås og Manger. Nærserter vert lokalisert i/på Bøvågen, Ostereidet og Vikebø. Det skal leggjast til rette for for vekst og utvikling med utgangspunkt i lokal identitet.*

Grunngjevinga for dette er at Bøvågen frå gammalt av og framleis er ein tettstad, minst på linje med Ostereidet og Vikebø. Her er forretning, kyrkje, skule, barnehage, fleire byggefelt, ulike typar næringsverksemd m.v. Alle tre nærsentra ligg i ytterkant av den nye kommunen, og det vil vera svært viktig for innbyggjarane i desse områda at den nye kommunen også satsar på at ytterkantane får utvikling i sine lokale sentra.

### Demokratimodellen

Det må leggjast stor vekt på næringsutvikling, og når det gjeld dei ulike politiske utvala, bør det vera eit utval som jobbar med næringsutvikling. Dette må koma i tillegg til dei utvala som er skissert i intensjonsavtalen.

For å motverka ulempene med svekking av lokaldemokratiet i ein større kommune, bør det opprettast nærmiljøutval/lokalsamfunnsutval/grendeutval i den nye kommunen. Desse bør knytast opp mot skulekretsane. Nærmiljøutvala bør verta eit bindeledd mellom lokalmiljø og kommunen og skal vera ein fast høyringsinstans for alle planar som vedkjem nærmiljøutvalet sitt område. Utvalet kan elles arbeida med ulike oppgåver t.d. innan stadsutvikling, organisering av fellesaksjonar (bossrydding, natteravn, eldretreff, trafikkmiljø.....)

I ein ny kommune bør det vera naturleg å ha eit underutval for vilt og innlandsfiske og eit landbruksfagråd, jf. Radøy sin «modell». Ungdomsrådet må og få ei viktig rolle i ein ny kommune.

Me ynskjer at ulike politiske møte som t.d. kommunestyre o.s.v. også vert haldne på ulike stader i den nye kommunen.

## **Prinsipp for tenestetilbod og kompetanse**

For å kunna halda oppe og lettare styrka Manger og Frekhaug (og Lindås) som lokalsentra, meiner Radøy Sp at det er veldig viktig at minst mogleg av offentlege tenester, kulturtilbod m.v. vert flytta til Knarvik. All «trafikk» i samband med desse tenestene og tilboda, vil byggja opp under handel og andre tilbod i lokalsentra. Me har difor konkretisert ein god del under pkt. 7 i intensjonsavtale.

### **Tenesteyting**

Sjukeheims plassar også med tilbod til demente og omsorg ved livets slutt (palliativ)  
Dagtilbod for heimebuande eldre og dagtilbod psykiatri  
Lokale helsestasjonar, fastlegetilbod, fysioterapi  
Dersom kommunen overtek ansvaret for tannhelsetenesta, skal Manger tannklinikk vidareførast.  
Radøy arbeidssenter må vidareførast.  
NAV må framleis ha eit breidt tilbod både på Frekhaug og Manger.

Ingen skular og barnehagar skal leggjast ned. Barnehageplassar skal tildelast i nærområdet.

Kulturskulen skal vidareføra eit breidt tilbod i Radøy og Meland.  
Biblioteket på Manger må utviklast - gjerne i andre lokale i Manger senter. Biblioteket bør vera ein viktig medspelar i arbeidet med integrering av flyktningar.  
Ungdomskoordinatoren skal framleis vera lokalisert på Manger og tilbodet ved Ungdommens Hus vidareførast.  
Radøyhallen med symjehall og terapibasseng skal vidareførast - minst med noverande driftstilbod.  
Bygdekinotilbodet på Manger må vidareførast.

Vestnorsk Utvandrings senter skal vidareførast og utviklast.  
Bogatunet og Syltastova må takast godt vare på.  
Prosjekt for Steinalderfunna på Straume må følgjast vidare opp

Eigartilhøve og drifts- og vedlikehaldsansvar for idrettsanlegg må drøftast og føra til gode tilskotsordingar for organisasjonseigde anlegg.

Brannberedskapen i Radøy skal vidareførast og stasjonen skal ha godt og tenleg utstyr.

### **Samfunns- og næringsutvikling**

Ringvegen Nordhordland er ført opp i avtalen som viktig samferdselsprosjekt. Det er her klart at det er den delen av ringvegen som ligg i Radøy som ikkje held dagens standard. Denne må skundast på og det må leggjast til rette for ei framtidretta tilknytning til traséen for Sambandet Vest. Det vil vera svært viktig at armen til Manger får god standard slik at dette senteret kan utvikla seg.

I revidert avtale bør det også koma fram noko om kollektivtrafikk. Det bør m.a. satsast sterkare på eit effektivt båtsamband med Bergen. Kanskje ny terminal på Flatøy?

Den nye kommunen må snarast arbeida ut ein næringslivsplan og ein landbruksplan.

## **Økonomi**

Eigedomsskatt for hus og hytter må opphøyrast frå samanslåingstidspunkt.  
Kommunale avgifter og gebyr bør så langt råd er vera lik frå samanslåingstidspunkt.

## **Kommunen som arbeidsgjevar - administrative prosessar**

Omstillingsavtale med arbeidstakarorganisasjonane må arbeidast ut snarast, jf. Stord/Fitjar.  
Denne må gjelda i perioden fram mot ny kommune.

## **Vegen vidare**

Ingen særlege merknader, men me forventar at det endelege framlegg til intensjonsavtale vert lagt fram som eiga sak i kommunestyret våren 2016, før kommunestyret skal gjera vedtak om ein eventuell ny kommunestruktur, jf. andre avsnitt i intensjonsavtalen.

Det bør vurderast om Fellesnemnda skal ha fleire medlemmer. Radøy Sp synest det er lite med berre 3 medlemmer frå Radøy. Nemnda er allereie så stor at det likevel må veljast eit arbeidsutval.

Dersom nemnda vert utvida, vil ein lettare få til den lovmessige kjønnsfordeling i nemnda.

Me ynskjer lukke til i arbeidet med revidering av avtalen.

Med helsing  
Radøy Senterpartiet  
Anne Berit Bø Palmesen  
Styreleiar